# MEININGAR

Innlegga sender du med e-post: **redaksjon@hardanger-folkeblad.no** eller via våre nettsider på **hardanger-folkeblad.no/vis/skrivinnlegg**

Lesarbrev til HF må underskrivast med fullt namn
Skriv kort og bli lest.
Maks lengde 3000 tegn, lange innlegg kan bli korta.

*Vert det male opp att og opp att at fottrafikken til hyttene har auka, så vil dei fleste etter kvart tru på denne påstanden.*

**Reidar Borgstrøm**

# *Ei sterkt farga spørjeundersøking om ferdsle og bruk av Hardangervidda*

**FREDAG 17.** januar hadde HF ein artikkel om ei spørjeundersøking om ferdsel og bruk av Hardangervidda som Norsk institutt for naturforskning (NINA) gjennomfører. I denne undersøkinga er det mange kategoriar med spørsmål/påstander som det skal takast stilling til og svarast på. I eit av punkta er det gjeve fire alternativ med omsyn til villrein, og for å koma vidare til neste kategori, må det fyrst svarast på ein av desse fire påstandane:

**I) BESTANDENE** er sårbare og truet av utviklingen i fjellområdene

**II) BESTANDENE** er passe store og godt tilpasset miljøet de lever i

**III) DET** er for mye villrein og de fortrenger delvis andre hensyn knyttet til miljø og næringsutvikling

**IV) INGEN** formening

**DET SOM** slår ein her, er fråveret av ein heilt sentral påstand: Bestanden er for liten i dag og bør aukast. Eg trur svært mange rundt Vidda ville ha vore einig i denne påstanden, men den var ikkje sett opp som alternativ. Større bestand vil høgst sannsynleg føra til at den brukar eit større areal, slik den tidlegare gjorde då det var langt fleire dyr enn i dag. Samstundes har NINA-forskaren Gundersen gått ut i media og påstått at det er fotturistane som er problemet for villreinen på Vidda, og han har tilrådd at DNT-hytter og løyper bør leggjast ned. Då ligg det snublande nær å tenkja at fråværet av svaralternativet 'at bestanden i dag er for liten', er gjort med omhu. Den som er litt bevisst på dette punktet, kan med andre ord ikkje svara på spørjeundersøkinga utan å gå på akkord med eigen meining.




**OVERSIKT:** *Samla overnattingstal på dei tre DNT-hyttene Hellevassbu, Litlos og Torehytta sommarane 1970-2018.*

**GUNDERSEN HEVDAR** at det er stor fottrafikk på Vestvidda, og på det grunnlaget går han inn for nedlegging av merka løyper og DNT-hytter på Vestvidda. Han brukar truleg besøkstala til Trolltunga og Stavali i sin argumentasjon, men desse tala seier ikkje noko om ferdsla inne på Vidda. Her viser talet på overnattingar på DNT-hyttene Hellevassbu, Litlos og Torehytta at det ikkje har vore auka trafikk frå syttitalet til i dag (sjå figur). Men vert det male opp att og opp att at fottrafikken til hyttene har auka, så vil dei fleste etter kvart tru på denne påstanden.

**Reidar Borgstrøm**
Fakultet for miljøvitskap og naturforvalting, NMBU, Ås